



Kjell-Vidar Rønquist Øvrebø  
Postboks 8 Isdalstø  
5908 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/3078 - 22/61281

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
30.08.2022

## **Svar på førespurnad om endring av bygningstype - gbnr 44/16 Skauge**

Vi viser til dykkar førespurnad om endring av bygningstype for bygg på gbnr 44/16 til bustad. Vi beklagar sein tilbakemelding.

Etter gjennomgang av kommunen sitt arkiv ser vi at det vart søkt om bruksendring frå fritidsbustad til bustad og oppføring av frittstående garasje i sak 2015/163 i tidlegare Lindås kommune. Det vart gitt dispensasjon frå arealføremålet LNF for det omsøkt tiltaket i vedtak datert 06.08.2015. Det vart vidare gitt løyve til oppføring av garasje etter plan- og bygningslova kap. 20 (byggjeløyve). Då søknad om løyve til bruksendring var mangelfull vart den ikkje behandla.

Bygget på eigedomen er i dag registrert i matrikkelen som bustad med kode 111. Av sak 2015/163 ser vi at status for bygget har blitt endra frå fritidsbustad med kode 161 til bustad og kode 111 i samband med at det er gitt dispensasjon frå arealføremålet i kommuneplanen for bruksendring frå fritidsbustad til bustad. Dette er gjort ved ein feil då nødvendig løyve til bruksendring ikkje er gitt. Saka er derfor oversend kommunen si avdeling for kart og oppmåling for retting av opplysningane i matrikkelen, jf. melding om utført endring av bygningstype i matrikkelen datert 30.08.2022.

Dersom søknad om bruksendring framleis er aktuelt må det sendast inn ny søknad om bruksendring. Det må vidare gjerast greie for tilkomst, vatn og avløp.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Kjell-Vidar Rønquist Øvrebø

Postboks 8 Isdalstø

5908

ISDALSTØ